



Stor aktivitet med nye leikar i sandkassa

Elevrådet ved skulen har kjøpt nye uteleiker og aktiviteten i sandkassa tok seg opp med ein gong, melder nettavisa til Uskedalen Oppvekstsenter.

Det har ei stund vore lite leiker til å bruka i sandkassane , men elevrådet har tatt affære. Dei har handla inn spader, bøtter, bilar og anna som ungane kan bruka i uteleiken, og aktiviteten har tatt seg voldsomt opp. Mange elevar finn seg no til rette i sandkassa og leiken går veldig fint. Og det er ikkje berre dei yngste elevane som synest det er kjekt med nye leikar.

Dei fyrste dagane etter at leikane kom var det spesielt kjekt med graving i sandkassa. Den har vore lite brukt ei stund. Det fekk dei eit godt bilete på den fyrste 'gravedagen' då dei fann ein nedgraven ball.

- Om det var det som utløyste den store aktiviteten skal vera usagt, men kanskje var det i håp om å finne andre skattar at gravinga tok seg opp. Uansett så er det kjekt å sjå at ungane trivst med leikene, og kanskje er det nokre arkeolog-spirar i elevflokken vår, undrar nettavisa.